



Arkivnr: 2016/503-2

Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.01.2016

Næringsretta partnarskapsmidlar Fjord Norge AS 2016**Samandrag**

Fylkeskommunane på Vestlandet har sidan Fjord Norge AS (selskapet) blei starta, gitt støtte til reiselivsnæringa si internasjonale marknadsføring gjennom selskapet. Hordaland fylkeskommune er eigar i selskapet på lik linje med Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Fylkeskommunane eig 8,9 % kvar av aksjane i selskapet. I tillegg til ei indeksregulert rammeavtale på 1,3 mill. kr. blei det i perioden 2011-2014 løyvd 2,5 mill. kr. til prosjektet Explore Fjord Norway. Fjord Norge AS sitt samla bidrag frå Hordaland fylkeskommune var i 2014 på kr 4.050.000,-. Etter at prosjektet Explore Fjord Norway blei avslutta vidareførte dei fire vestlandsfylka støtta til selskapet med kr 3.000.000,- kvar. Dette blei gjort gjennom ei vidareføring av rammeavtala med Fjord Norge AS med ei tilleggsloyming på kr 1,5 mill.kr til vidareføring av arbeidet som blei starta gjennom prosjekt Explore Fjord Norway. Bestillinga til selskapet var definert gjennom rammeavtalen som er lik for alle fylka, og ein samarbeidsavtale mellom kvart enkelt fylke og Fjord Norge AS. Det er ynskjeleg at dei fire vestlandsfylka einast om innhaldet i avtala, og storleiken på løyvd beløp til selskapet.

I 2015 vart det i Hordaland løyvd midlar til eitt år, med ein forventning at det skulle gjennomførast ein prosess som kunne spisse bestillinga frå eigarane, med ynskja effekt å tydelegare definere selskapet sin leveranse på vegne av reiselivet i regionen. Ein slik prosess er ikkje gjennomført i 2015 og fylkeskommunane samarbeider no om å utvikle ein ny avtale med selskapet som tydelegare seier kva eigarane ynskjer Fjord Norge AS skal levere. Denne er uavhengig av storleiken på støtta frå fylkeskommunane.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet går inn for at Fjord Norge AS skal motta kr 2.400.000,- gjennom ein ny avtale mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet. Støtta blir gitt over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnarskapsmidlar» og erstattar den tidlegare rammeavtala som var felles for alle fylkeskommunane, og samarbeidsavtala som var unik for kvart fylke.
2. Støtta blir gitt for 2016. Fjord Norge AS må kunne vise til at selskapet oppnår dei mål som er sett i avtala mellom selskapet og fylkeskommunane på Vestlandet i perioden.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.01.2016

Bakgrunn

Reiselivsnæringa er den tredje største næringa i Hordaland og sysselset rundt 25.000 personar i fylket. Arbeidsplassane er i høg grad lokalisert i distriktet, og talet på kvinner i næringa er høgt. Turistens forbruk er fordelt på mange næringar i tillegg til hotell- og restaurantnæringa og aktivitetsbedriftene som er dei tradisjonelle reiselivsbedriftene, og dei positive ringverknadane i lokalsamfunnet er store. Verdiskaping knytt til kvar gjestedøgn er berekna av satellittrekneskapen til SSB og gjesteundersøkinga til TØI (Transportøkonomisk institutt). Desse viser at 7,3 millionar ferie- og fritidsgjestedøgn i Fjord Norge regionen bidrog med 29,4 mrd. kr i verdiskaping i 2012. Tal for 2014 (SSB/Innovasjon Norge) viser at i turisme stod for 4,3 % av BNP og at det samla turistkonsumet i Norge var på 130 mrd. kr. 27 % av dette konsumet kom frå utlendingar på reise i Norge. Reiselivsnæringa består av mange små og mellomstore bedrifter, som kvar for seg ikkje har økonomisk evne til å nå ut til kunden gjennom storstilt marknadsføring. Det er også slik at samarbeid mellom fleire ulike reiselivsbedrifter skapar eit betre sluttprodukt til kjøparen, slik at bedrifter som i andre næringar kan sjå kvarandre som konkurrentar, i reiselivssamanhang eller på overordna nivå er samarbeidspartar som har alt å tene på å løfte i lag gjennom felles satsing. Fjord Norge AS samlar reiselivsnæringa på Vestlandet til felles marknadsføring internasjonalt, og denne satsinga er avgjerande for partnarbedriftene si synlegheit og muligheter for sal. Den felles satsinga genererer auka omsetning for ei lang rekke næringar i tillegg til dei bedriftene vi definerer som reiselivsaktørar (transport, overnatting, servering, opplevingar) gjennom dei omfattande ringverknadane trafikk til og rundt i regionen fører med seg.

Eigarforhold og styrepräsentasjon

Med dette som utgangspunkt er det naturleg og viktig for reiselivsnæringa i Hordaland at Hordaland fylkeskommune er eigar i Fjord Norge AS og støttar selskapet med midlar. Omsynet til selskapet si gode drift og evne til langsiktig planlegging og evne til å ta posisjon i marknaden tilseier at offentleg støtte så langt som råd er må være føreseeileg. Samstundes må rammene for bruken av midlane være så tydelege at dei er ei god rettesnor for selskapet sin aktivitet som samfunnsutviklar. Med ein eigar-del på 8,9 % enkeltvis er dei fire fylka blant dei største eigarane kvar for seg, og samla er dei den største eigaaren med 35,6 %. Bergen Reiselivslag er største enkelte eigar med 11,3 %. 13 andre eigarar har mellom 1 og 2,4 % kvar av aksjane medan resterande aksjar er fordelt på eit høgt tal eigarar. Fylkeskommunane på Vestlandet har ein representant kvar i Fjord Norge AS sitt styre. For Hordaland er dette Jan-Per Styve, tidlegare Regionaldirektør i Hordaland fylkeskommune. Styrerepresentant for Rogaland er henta frå det politiske nivå medan fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har sin næringssjef som styrerepresentant i selskapet.

Tydeleggjering av oppgåver

Evalueringa av Explore Fjord Norway-satsinga viser at prosjektet i stor grad nådde måla som var satt. I evalueringa kom det likevel fram at bestillinga til Fjord Norge AS med fordel kunne spissast, slik at selskapet fekk klårare retningslinjer frå eigarane og betre definerte oppgåver med tilhøyrande resultatmål. Til dømes ynskte fylkeskommunane større fokus på målbar verdiskaping, og tydeleggjering av kompetanseoverføringa frå selskapet til næringsaktørane i fylket. Som beskrive nærmare i Referatsak i Fylkesutvalet 24. september 2014 var det venta at ein slik prosess skulle bli gjennomført i 2015.

I tråd med vedtaket frå driftstøttesaka i Hordaland i 2015 (PS20/2015) bad fylkeskommunane på Vestlandet styret i Fjord Norge AS om å sørge for at det blei gjennomført eit eigarmøte der ein kunne utforme mandat og arbeidsgruppe til ein slik prosess. Eit slike møte blei arrangert 30. april 2015, med eigarar og brukarar av Fjord Norge AS som inviterte deltagarar. Næringssjefane i dei fire vestlandsfylka deltok på møtet. Næringssjefen i Hordaland bad i møtet om at leiinga i Fjord Norge AS skulle ta initiativ til vidare prosess i tråd med utgangspunktet for møtet. Til tross for at ein frå eigarsida hadde forventningar om at eit slike arbeid skulle setjast i gang, har dette ikkje skjedd.

Saksgang ny avtale mellom fylkeskommunane og Fjord Norge AS

I juni 2015 starta fylkeskommunane sitt eige arbeid med å utarbeide ei felles avtale mellom dei fire fylka og selskapet som kunne erstatte den eksisterande rammeavtala og samarbeidsavtalane. I Hordaland blei det gjennomført møte med leiarane av Destinasjonsselskapa i fylket, for å få deira innspel til dei tenestene reiselivsnæringa i fylket ynskjer å få tilført frå Fjord Norge AS. Fylkeskommunane sitt administrative nivå einast om eit utkast til eit dokument der fokus har vore på innhaldet i avtala i vente av signal om storleiken på tilskotet. Administrasjonen i Rogaland la så fram eit forslag om endringar i avtala, og innstilte til ei løying på 1,6 MNOK til Fjord Norge AS frå fylkesbudsjettet, med mogelegheit for å søkje ekstra midlar på prosjektbasis frå regionale utviklingsmidlar (post 551.60). I fylkestinget i Rogaland 8. desember 2015 blei det gjort vedtak om at Rogaland fylkeskommune vil løyve 3 MNOK i tråd med politiske signal frå tidlegare år. Dei resterande 1,4 mill. kr. vil bli henta frå regionale utviklingsmidlar.

I Møre og Romsdal blir midlane til Fjord Norge AS henta frå fylket sin Økonomiplan (1,5 mill. kr). For 2016 er det gjort vedtak om å hente 1,5 mill. kr frå regionalforvaltning. Intensjonen frå fylket er at samla tilskot til Fjord Norge AS skal ligge på 3 mill. kr.

Midlane frå Sogn og Fjordane fylkeskommune blir henta frå fylkesbudsjettet og vedtak for endeleg budsjett 2016-2019 seier at det blir utarbeida ei ny fleirårig avtale med Fjord Norge AS innafor ei årleg ramme på 3 mill. kr.

Betre styring gjennom ny avtale

Utkastet til partnarskapsavtale mellom dei fire vestlandsfylka og selskapet som er utforma er meir detaljert enn tidlegare i høve til bruken av dei offentlege midlane. Avtala slår fast at berekraft skal vere grunnleggjande for alle aktivitetar i Fjord Norge AS. Midlane skal nyttast til internasjonal marknadsføring, og sikrar at marknadskunnskap og kompetanse skal overførast til reiselivsbedriftene i regionen. Sal av Fjord Norge AS sine tenester til reiselivsbedriftene skal gå gjennom Destinasjonsselskapa. Selskapet blir bedt om å rapportere for ferie- og fritidsmarknaden, fordelinga av trafikken frå sentrale strøk til distrikta og korleis kompetanseoverføringa til næringsaktørane er skjedd. Selskapet skal utarbeide ein handlingsplan som skal godkjennast administrativt i fylkeskommunen før utbetaling finn stad. Vidare skal ein rapportere kvantitativt på oppnådd effekt av forbrukarmarknadsføring, bransjearbeid og aktivitetar retta mot presse.

Fylkeskommunen ynskjer også ei oppdatering på den kvalitative effekten av selskapet sitt arbeid for å sikre posisjonen til merkevaren Fjord Norge i marknaden.

Kommunikasjonen i næringsgruppa og styret

Prosessen i haust viser at det er ynskjeleg med ei klargjering av roller og linjer for kommunikasjon mellom eigar og selskap, også internt i fylkeskommunane. Det bør utarbeidast klare rettelinjer for korleis næringsgruppa skal kommunisere med styret i selskapet.

I samsvar med dei andre fjordfylka vil Hordaland fylkeskommune gå inn for vidareføring av støtte til Fjord Norge for 2016. I samband med eigarskapsmelding 2016 vert det lagt opp til å revidere eigarstrategiar i selskap Hordaland fylkeskommune eig. Ein vil derfor kome tilbake til ein eigarstrategi for Fjord Norge AS når grunnlaget for og overordna prinsipp for eigarstrategiar er vedtekne våren 2016. Arbeidet med denne eigarstrategien tek til så snart vedtak er fatta.

Internasjonal marknadsføring – offentleg bidrag til eit felles løft

Fjord Norge AS sine kampanjar og aktivitetar, anten dei står aleine eller skjer i samarbeid med Innovasjon Norge, er basert på eit felles løft der tilskot frå fylkeskommunen, kompetanse og ressursar frå Innovasjon Norge og økonomisk- og innsatsbasert eigeninnsats frå samarbeidspartnerane samla gir effekt. I prosjektperioden for Explore Fjord Norway (2011-2014) bidrog vestlandsfylka med 62,2 mill. kr. I same periode bidrog næringa sjølve med 117,5 mill. kr. Dette viser at reiselivsnæringa samlar seg om Fjord Norge AS som eit særskilt viktig verktøy. Dette har også vore synleg i det pågående nasjonale strukturprosjektet, der modellen med eit landsdelsselskap som Fjord Norge AS blir løfta fram som den beste løysinga for dei landsdelane som tidlegare ikkje har hatt eit slikt felles organ. I perioden 2011-2014 auka

aktiviteten til Fjord Norge sterkt, medan administrasjonskostander var uendra. Kompetansen og innsatsen i selskapet er svært høg. Dei tilsette i selskapet har høg kompetanse og stabiliteten er god, som fører til at tilliten er høg og arbeidsforholdet til selskapet sine kundar er svært godt. Fjord Norge AS sin visjon er: «Vi skal vise verden fjordene».

Vestlandet sin posisjon som reiselivsdestinasjon

Nasjonalt er Nord-Norge den største konkurrenten til Vestlandet. Landsdelen har fått verdsomspennande merksemd på grunn av satsinga på nordlysturisme. Staten har satsa betydelege midlar inn i arbeidet med internasjonal marknadsføring av regionen og veksten har vore formidabel. Fjord Norge-regionen eig landets sterkeste reiselivsmerkevare, men er avhengig av tung internasjonal marknadsføring for å ta ut Vestlandet sitt potensiale i kundemassen og vinne marknadsdelar. Reiseliv er verdas raskast veksande næring, og Norge sin del av kundemassen er svært liten så potensialet for vekst er i høg grad til stades. Medan andre næringar kan flagge ut og flytte produksjon og kompetanse til utlandet, er reiselivsnæringa bunden til Norge og verdiskapinga vil alltid skje i distrikta våre. Ei fortsatt og auka satsing på reiselivsnæringane er ein berekraftig og god måte å oppretthalde aktivitet og kompetanse over heile landet, til nytte for både besøkande og fastbuande og ein styrke for Noreg sin profil internasjonalt.

Hordaland fylke opplever særlege utfordringar knytt til omstilling. Omsynet til andre næringar som er særleg utsett og der arbeidsløysa er sterkt stigande, gjer at ein må gjere prioriterte strengt i fordelinga av budsjettposten. Medan andre næringar slit med den låge kronekursen, er dette ein fordel for reiselivsnæringane og alle indikasjonar er at ein går mot eit toppår for norsk reiseliv.

Aktiviteter i selskapet

I 2016 vil Fjord Norge hovudsakleg satse på marknadsføringskampanjar i prioriterte marknader for sommarsesongen. Andre store budsjettpostar er særskilte temasatsingar (aktiviteter retta særskilt mot ski, vandring osb.), produksjon og distribusjon av reiseguide og produktmanual, digitale kampanjar, deltaking i Innovasjon Norge sine aktivitetar og bransje/pressearbeid. I rammeavtalen med fjordfylka vil det bli presisert at fylkeskommunane sine midlar skal nyttast til internasjonal marknadsføring, ikkje nasjonal.

Støttemottakar sine aktiviteter i høve til vedtak i fylkesutvalet:

1. Aktivitetane til Fjord Norge AS er i tråd med dei definerte innsatsområda i strategien Reiseliv Hordaland, Reiselivsstrategi for Vestlandet og Destinasjon Norge. Marknadsføring er ei prioritert satsing i alle desse strategiane. I høve til Regional næringsplan og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland viser selskapet stor innovasjonsevne i marknadsføringa. I 2013 blei Fjord Norge tildelt tittelen «Årets marknadsfører» fra HSMAI for sin bruk av sosiale media i kampanjen «You have to be here to believe it». Selskapet skaper også samhald og samarbeid i klynga sett saman av reiselivsbedrifter og destinasjonsselskap i alle dei fire fjordfylka.
2. Tilskotet frå fylkeskommunane er heilt avgjerande for ei god utvikling av selskapet og reiselivsnæringa det tener. Dette vart gjort ekstra synleg i perioden 2008-2010, då kompensasjonsmidlane fall bort. Aktiviteten i selskapet fall dramatisk i takt med det økonomiske handlingsrommet, samstundes som talet på gjestedøgn til vår region frå utlandet gjekk kraftig ned. I det nasjonale strategiprosjektet, der nye landsdelsselskap blir danna, ser ein også at det offentlege går inn som eigrar for å oppretthalde aktiviteten i selskapa. Her tar ein lærdom frå tidlegare forsøk på å danne landsdelsselskap, der dei som ikkje hadde offentleg eigarskap fall bort straks prosjektfinansiering frå det offentlege tok slutt.

3. All aktivitet i Fjord Norge AS er basert på samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen av reiselivsnæringa på tvers av Hordaland og dei fire fjordfylka.
4. Fjord Norge AS deler kontor med NCE Tourism Fjord Norway, men viktigare er den felles funksjonen Fjord Norge AS har på vegne av destinasjonsselskapa i heile regionen, som koordinering av presse- og bransjeaktivitetar, representasjon av næringa på messer internasjonalt osb.
5. Sjå punkt 2).

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fjord Norge AS samlar reiselivsaktørane i Hordaland til felles innsats gjennom internasjonal marknadsføring. Selskapet har gjennom sine aktivitetar har danna eit sterkt nettverk av bedrifter på tvers av dei fire fjordfylka som aktivt løftar kvarandre gjennom felles tiltak og møteplassar. Investeringa i selskapet utløyer betydeleg verdiskaping i bedriftene som deltek i aktivitetane, og i lokalsamfunna der bedriftene utøver sin aktivitet. Fjord Norge AS er ein formidlar av kompetanse og kundekontakt for dei mange reiselivsbedriftene som ikkje sjølv har ressursar til å oppsøkje marknader til dømes i Asia eller Oseania og er ein samlande aktør for felles innsats i etablerte marknader i Europa og Amerika. Reiselivsnæringa består i stor grad av små og mellomstore bedrifter i distrikta. Kvinneandelen er høg.

Selskapet utøver stor aktivitet av høg kvalitet med ein nøktern administrasjon og viser stor innovasjonsgrad i sine kampanjar og aktiviteter. Samstundes har selskapet ikkje respondert på Hordaland fylkeskommune sitt ynskje om å tydeleggjere oppgåver og leveranse gjennom ein inkluderande prosess.

Hordaland fylkeskommune vidareførar støtta til Fjord Norge AS og endrar avtala frå å vere delt inn i ei rammeavtale og ein samarbeidsavtale, til ei samla partnarskapsavtale. Samla beløp for ny partnarskapsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og selskapet er kr 2.400.000 for 2016.